

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
027/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
032/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Olaf Michal Hella	23/1057

Kvalitetssystem for oppvekst, undervisning og kultur

Vedlegg:

Osterøy på sitt beste 2021-2025 med kvalitetssystem

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

Formannskapet - 027/23

FS - behandling:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Oppvekst, undervisning og kultur har gjennom dei to siste åra utvikla styringsdokumentet Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging. Målet med planen er at alle avdelingar vurderer og utviklar kvaliteten i tenestene.

Bakgrunn

Rådmannen har dei siste åra vurdert kvaliteten i opplæringa gjennom kvalitetsmelding for skule. I meldinga er det avdekka blant anna at resultatane før 5. trinn i grunnskulen må betrast. Styringsdokumentet er utvikla for at alle avdelingar i oppvekst, undervisning og kultur vurderer eigen kvalitet og bidrag til utvikling av resultat og gode tenester. Dei ulike delane av oppvekst, undervisning og kultur har ulikt datagrunnlag og tenester. Å tilpasse forteljingar, vurderingar og resultat og sjå desse i samanheng har for nokre avdelingar vore krevjande. Systemet må evaluerast og vidareutviklast i tida som kjem. Det har vore viktig for rådmannen at leiarane i Oppvekst, undervisning og kultur har vore med i prosessar rundt utforming av styringsdokumentet for å skape forståing, forankring og mening.

Vurdering

Styringsdokumentet og systemet er utvikla for at avdelingane og dei tilsette skal vurdere og

analysere kva som ligg bak dei resultat og bidrag ein har gjennom opplæringstilbodet barn og unge får i Osterøy kommune. Alle som arbeider må stille seg spørsmål som:

- Kva er resultatet?
- Kva kan ligge bak resultatet?
- Kva kan gjerast for å endre resultatet?

Kvalitetssystemet skal bidra til at avdelingane og tilsette vurderer eigen kvalitet jamleg og set mål og tiltak for systematisk oppfølging av barn og unge.

Konklusjon

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet Osterøy på sitt beste - Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging.